



**Jobbnorge-ID:** 114153

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Autorisert regnskapsfører

Ved Økonomiavdelinga, Rekneskapskontoret er det ledig ei fast 100 % stilling som rekneskapsfører, fortrinnsvis autorisert. Rekneskapskontoret har ansvar for Universitetet i Bergen sitt offisielle rekneskap og er i tillegg rekneskapsfører for fleire andre samarbeidspartnarar (randsonbedrifter) og stiftelsar.

### Arbeidsoppgåver

Stillinga er for tida knytt til ein seksjon som bla har ansvaret for periodeavslutningar og som utarbeidar finansrekneskap mm. Universitetet i Bergen fører rekneskap etter rekneskapsloven sine reglar. Det skal også utarbeidast rekneskap for dei andre juridiske einingane UiB er rekneskapsfører for, og det vil måtte medrekne kontakt både med revisor og kundar. Avstemmingsarbeid td knytt til merverdiavgift vil også ingå i stillinga. Rekneskapskontoret er fagavdeling og fungerer til tider som rådgjevar innan meirverdiavgifts- og rekneskapsreglar og er ansvarleg for intern opplæring innan desse områda.

Arbeidsoppgåvene kan endrast innanfor økonomiavdelinga.

### Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Har høgare utdanning innan økonomi fortrinnsvis på masternivå
- Har relevant praksis
- Har god rekneskapsforståing og likar å jobbe med tall
- Autorisert regnskapsfører kompetanse er eit ynskje
- Har gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- Har gode skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Er fleksibel og serviceinnstilt

### Vi kan tilby

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver i et godt arbeidsmiljø
- På avdelinga er det i dag 3 autoriserte regnskapsførare. Universitetet i Bergen tilrettelegger for å oppretteholde autorisasjonen m kurs mm.
- Tilsetting i seniorkonsulent (kode 1363) ltr 50-60. For særleg kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast
- Fleksibel arbeidstid
- Medlemsskap i Statens Pensjonskasse som inneber god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til gunstig rente og yrkesskade- og gruppelivsforsikring

Utfyllande opplysningar om denne stillinga kan ein få ved å vende seg til fungerande rekneskaps sjef Kari Eidsheim, tlf. 41506422 e-post [kari.eidsheim@adm.uib.no](mailto:kari.eidsheim@adm.uib.no) eller gruppeleiar Kathrine Levin, tlf. 55582026/95225582, e-post [kathrine.levin@adm.uib.no](mailto:kathrine.levin@adm.uib.no)

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad sendast elektronisk via link på denne sida "Søk på jobben" til Universitetet i Bergen. Kopi av attestar og vitnemål skal berre sendast dersom du får melding om det.

**Søknadsfrist: 29.05.2015**

**Søknaden skal merkast: 15/5542**

### Tilleggsinformasjon

**Arbeidssted:**